

Forord

Utmarka er eit sær-skandinavisk omgrep, som vitnar om stadeigne kjenneteikn ved det fysiske så vel som det mentale landskapet. I tusenvis av år har utmarka vorte sett på som ein utvida del av gardsbruka, og den har inngått som ein viktig del av bondehushaldet sin økonomi. Men «tida og tilhøva» – som det står i fjellova – endrar seg. Bondefamiliane er færre, og landbruket, så vel som andre brukarar, ser på utmarka med andre auge, noko som skaper nye utfordringar som verken dei kulturelle eller institusjonelle omgjevningane nødvendigvis er skodde for å handtere.

Dette var bakgrunnen for at Ruralis – Institutt for rural- og regional-forskning og Nibio – Norsk institutt for bioøkonomi samla ei rekkje sentrale norske utmarksforskarar i eit nettverksprosjekt, der ei uttalt målsetting var «å føre forsking, forvaltning, industri og brukarar tett saman for bærekraftig innovasjon i utmarka». Dette vart gjort gjennom å arrangere ein serie med opne fagseminar i ulike delar av landet, der vi inviterte til samtalar om tida og tilhøva i utmarka. Brukarar, forvaltarar, forskarar og folk flest møttest for å drøfte aktuelle og sentrale tema som beiteproblematikk, industriutbygging, natur- og kulturmangfald og rekreasjon.

Som ein del av dette nettverksarbeidet, og ikkje minst inspirert av desse fagseminara, sette vi oss eit mål om å lage ei bok om tida og tilhøva i utmarka, der det skulle bli lagt vekt på eit lett og tilgjengeleg språk samstundes som akademiske krav vart oppfylt. Her er resultatet.

Utvalet av tema i denne boka representerer forfattarane sine forskningsinteresser og forskingsprosjekt. Det er relevante tema, og det er interessante tema. Samstundes representerer dei ikkje alt som går føre seg og set sitt preg på tida og tilhøva i utmarka. Men mange av kapitla diskuterer prinsipielle og overordna spørsmål som har relevans langt ut over den konkrete tematikken som kapitla tek utgangspunkt i.

Vi håpar og trur at boka vil vere interessant lesing for alle med interesse for bruk og forvaltning av utmarka. Dette kan vere studentar, forskarar, næringsaktørar eller forvaltarar av utmarka, men ikkje minst håpar vi at boka òg vil ha eit innhald og eit språk som gjer den interessant og leseverdige for den jamne samfunnsengasjerte ålmenta.

Vi vil rette ein takk til Noregs forskingsråd, som har finansiert arbeidet, til deltakarane i nettverket, og dermed forfattarane av kapitla i boka, til Cappelen Damm Akademisk som har teke på seg arbeidet med å gi ut boka, til dei anonyme fagfellane som har sikra den vitskaplege kvaliteten på bidraga, og til Ruralis og Nibio, som har gitt oss redaktørane rom til å gjennomføre arbeidet med å sette saman boka.

Trondheim, 15. oktober 2021

Bjørn Egil Flø (Nibio) og Frode Flemsæter (Ruralis)